



Villreinutvalet for Nordfjella

MINIMUMSTELJING AV REIN I NORDFJELLA 20. FEBRUAR 2011

Det vart nytta to fly, eitt med utgangspunkt Sogndal lufthamn Haukåsen, og eitt med utgangspunkt Klanten.

	Fly nr. 1	Fly nr. 2
Flytype	Cessna 172	Cessna 172
Flygetid	3 t. 35 min.	3 t. 50 min.
Flygar	Kjell Arne Tobru	Asle Østerhus
Fotograf	Harald Skjerdal	Øystein Flaget
Loggførar	Lars Nesse	Petter Braaten

Ver- og teljetilhøve: Fint ver i heile teljeområdet. Mykje vind den siste tida har gjort at det mange stader var skavlete og avlese.

Metode: Alle flokkane lokaliserte frå fly vart fotograferte, og bileta tolka på PC i programmet Microsoft Paint, der kvart dyr vert haka ut under oppteljinga. Det ligg føre GPS-logg frå begge flya.

Resultat:

Flokknr.	GPS-koordinat	Stad	Flokk-storleik	Merknad
1	32 V 437029 6733342	Blåbergi	9	Bukk.
2	32 V 434852 6762820	Nonhaug	502	
3	32 V 443898 6764080	Kaldevatnet	81	
4	32 V 448478 6759230	Skålanosi	130	
5	32 V 451790 6761490	Kjøleskarvet	74	Bukk.
6	32 V 447659 6755678	Ruskussogen	789	
7	32 V 449909 6755135	Hemsedalsslettene	52	
8	32 V 444182 6759403	Bjordalsnosi	39	Bukk.
9	32 V 441200 6757906	Strokken	68	Bukk.
10	32V 458000 6740800	Reineskarvet	3	Observert frå bakken.
		Sum sone 1	1747	

11	32 V 402981 6744561	Gudmedalen	150	
12	32 V 448282 6715516	Tjørnbotn	31	
13	32 V 431958 6722932	Raggsteinnuten	170	Mest bukk.
14	32 V 414294 6722227	Florsvegghallene	129	
15	32 V 418124 6736521	Dyranosi	50	
16	32 V 409393 6740577	Reppavatnet	63	
17	32 V 410777 6721463	Fagernut	175	
		Sum sone 2	768	
		SUM NORDFJELLA:	2515	

I tillegg vart det funne ein flokk sør for Bergensbana; ein bukkflokk på **34 dyr** ved Urdshovd vest for Myrdal (32V 396089 6734185).

Aurland, den 23.2.11

Harald Skjerdal
(sekr. Villreinutv.)